



Signar Andre Skarsvåg  
Røysetvegen 100  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/510 - 17/3703

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

27.02.2017

## Treng opplysningar til søknad om fritak frå gjødselplan

Viser til din søknad om fritak for gjødselplan.

Sendte deg epost i desember 2016 der eg forklarte at søknaden din om fritak for gjødselplan, som låg som vedlegg til ein epost eg fekk hjå deg om noko anna, ikkje hadde vorte registrert som søknad i vårt sakshandsamingssystem. Fann den tilfeldig ved sletting i gamle eposter, og beklager denne glippen. Det er dumt at du har måtta venta så lenge på svar.

Før søknaden vert handsama ville eg be om at du ser igjennom opplysningane du gav den gongen, for å sjekka om noko har endra seg i drifta.

Heile bruket har 25 daa jordbruksareal. Av dette er 14,7 daa registrert som slåttemark og 10,3 daa som beite. Slik eg oppfatta søknaden vart det brukt sauegylle på eng og beite rundt tunet, men ikkje på dei to teigane som ligg nord for tunet oppe i lia. Ut frå dette har eg sett opp tabellen under.

Når det gjeldt fullgjødsel har eg fordelt den likt på alt jordbruksarealet. Det hadde vore fint om du kunne sjekka at dyretal og innkjøpt gjødsel stemmer med situasjonen i dag.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet					Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa			
1000	18-3-15	25	slåttemark	40	7	1,1	5,8
22,4 m3	blautgjødsel-sau	15	slåttemark	1,5 tonn/daa	3,8	1,8	6
<b>Sum</b>					<b>10,8</b>	<b>2,9</b>	<b>11,8</b>

Utan å forskuddera saksbehandlinga ser det ut som du ligg ein god del over det som skal til for å få fritak for gjødselplan, men dette skal eg sjå på når du gjev tilbakemelding på om tala på søknaden er rette.

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dersom du har spørsmål ta kontakt med undertekna.

Med helsing

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*